



Fjellkoret fylte Foldnes kyrkje med vakker julesong søndag kveld. Foto: Inger Elise J. Økland

Fjellkoret har så mange songarar at dei nesten greidde å lage ring rundt eit forventningsfullt publikum.

Stemningsfullt i Foldnes kyrkje

FOLDNES: Litt over klokka sju toga Fjellkoret inn i Foldnes kyrkje, stilte seg ved sida av kvarandre i ein ring og song «Det lyser i stille grender». Den vakre lyden kom frå alle kantar og sette julestemninga frå starten av.

Ingenting er som tradisjonar når det nærmar seg jul. Fjellkoret sørgde for å bidra med sitt til å fange julestemninga med konsert søndag kveld. Og publikum kviterte med å møte opp talrikt.

Gammelt og nytt

Som vanleg var det mange tradisjonsrike songar som vart henta fram. I tillegg til «Det lyser i stille grender» av Jakob Sande kom «Det hev ei rosa sprunge», «Deilig er jorden», «Sjå tusen julelys bli kveikt», «Kling no klokka». Og ikkje minst «O helga natt», nydeleg framført av Olav Ulveseth og Audun Kayser

på piano.

I tillegg tok Fjellkoret med nyare julesongar som mange ikkje kjenner så godt enno. Som til dømes «I ei natt» av Bjørn Eidsvåg. Ein stemningsfull julesang som er lett å ta til seg.

Trass det sterke julepreget, vart det ingen juleandakt. I staden hadde Fjellkoret sett ein av sine egne, Bente Leinum Eide, til å halde eit innslag. Her var fokus meir på menneskeverd og eigen innverknad enn på det tradisjonelle julebodskapet. Tankevekkande ord i ei adventstid.

Allsong

Også publikum fekk vere med å syngje jula inn gjennom deltaking i tre av songane som vart framført. Både «Sjå tusen julelys blir kveikt» av Haldis Moren Vesaas og «Mitt hjerte alltid vanker», som er ein dansk julesalme av

Hans Adolph Brorson, inspirerte publikum til å hente fram songstemma. Men då siste salmen vart sunge, tok det verkeleg av. Eit ståande publikum deltok med av fulle halsar på «Deilig er jorden». Med god hjelp frå Fjellkoret og blåsarar frå Tertnes brass, vart kyrkja fylt med vakker julelyd.

Halvparten av julekonserten vart dirigert av Linda Thomassen Fjell, som etter 18 år som songar i Fjellkoret er i gang med dirigentutdanning. Den andre halvparten tok den faste dirigenten Steinar Sætre seg av. Han har vore i Fjellkoret sidan 2005 og jobbar til dagleg som førstelektor på Griegakademiet. Med seg på piano hadde dei den kjende pianisten Audun Kayser.

ELISABETH NETLAND
elisabeth.netland@vestnytt.no

56 33 65 10



Den kjende pianisten Audun Kayser trakterte pianoet under julekonserten. Foto: Inger Elise J. Økland